

Frå flink pike til aware vegleiar

Moglegheiter og begrensningar når ulike kontaktformer er i spel i gruppevegleiing.

Kandidatnummer: 17

VID vitenskapelige høgskule

Haraldsplass

Fordjupingsoppgåve

Vidareutdanning i vegleiiing

Kull: 2020 – 2022

Antall ord: 4888

Dato: 6.mai 2022

Innhald

Innleiing	1
Gruppedanning og vegleiingssituasjon	1
Omgrep og teori	3
Awareness.....	3
Kontaktformer	3
Baruch Levins Gruppemodell.....	4
VIDs Gruppeprosess modell	5
Drøfting	6
Avslutning.....	13
Litteraturliste.....	14
Vedlegg 1: Verbatim.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Vedlegg 2: Forklaring av koding brukt i verbatim	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Innleiing

Gruppevegleiing var nytt for meg. Ikkje berre var det nytt for meg, men eg bestemte meg tideleg for at eg ikkje lika gruppevegleiing. Det vart for mykje å forhalda seg til. For mange relasjonar som skulle «sjonglerast». Eg kjente på ein motstand. Var det frykt? Kanskje gruppevegleiing ikkje var for meg? Kanskje eg passar best å vera individuell vegleiar? Her var det mange løgner som skulle bli avslørt i møte med nokre studentar frå AOF.

I denne oppgåva vil eg reflektere over og drøfte dei moglegheiter og begrensningar eg som vegleiar hadde i møte med gruppa i lys av ulike kontaktformer som kom i spel. Ettersom oppgåva er knytt til gruppevegleiing, vil det samstundes vera naturleg å nytte gruppeteori for å belyse «livet» til gruppa. Her vil eg nytte Levins gruppemodell (Leving, 1979, s. 80).

Problemstillinga mi tok form i prosessen med å skrive verbatim, og då eg såg opptaket av gruppevegleiinga. Først såg eg på meg sjølv med eit svært sjølvkritisk blikk. Men, etter kvart som eg knytte det eg såg opp mot det eg hadde opplevd i meg sjølv, i situasjonen, samt opp mot teori om kontaktformer, gruppeprosess og awareness, var det ikkje lenger like svart kvitt. Eg opplevde ein ny innsikt i meg sjølv som vegleiar, og i mitt utviklingspotensiale.

I fortsettinga vil eg presentere ulike hendingar frå gruppevegleiinga som eg drøfter opp mot vald teori. Eg vil møte situasjonane med ei fenomenologisk tilnærming, og vil bruke ordet «figur» når eg omtalar det som tek form som eit felles tema eller ei felles sansing i gruppa.

Før eg reflektere over og drøfter dei ulike hendingane opp mot teori, vil eg først forklare nærmare korleis gruppa vart danna, og rammene rundt vegleingsøkta som er utgangspunktet for denne oppgåva. Deretter vil eg omtale omgrep og teori som er med å belyse mi oppfatning av gruppa, og meg sjølv i møte med gruppa.

Gruppedanning og vegleings situasjon

Eg deltok i «AOF-prosjektet». Dette prosjektet er eit samarbeid mellom AOF og VID, som legg til rette for at studentar ved VID vegleier studentar frå AOF. Studentane frå AOF fekk

informasjon og undervisning på førehand om kva dei skulle vera med på. Samt undervisning som forberedte dei på logg-skriving, og forståing av det å snakke for seg sjølv i møte med gruppa.

Eg og ein medstudent fekk tildelt 7 deltakarar som me skulle møte i gruppevegleiing i 4 x 90 minutt. Deltakarane var kvinner som jobba innanfor helse og oppvekst, og hadde eit stort spenn i alder. Dei hadde til felles at dei gjekk på vidareutdanning innan psykisk helsevern.

Ansvaret for å kontakte studentane og avtale tidspunkt med dei, vart gitt til meg og min medstudent. Me delte vegleiarrolla mellom oss, slik at me var hovudvegleiar to gongar kvar. Når den eine av oss var hovudvegleiar var den andre med-vegleiar. Studentane fekk tilsendt eit «velkommen brev» av meg og min medstudent. Deretter hadde me eit oppstartsmøte via zoom der me presenterte oss og prosjektet. Me hadde praktisk informasjon og utprøving av ulike funksjoner i bruken av zoom som verktøy, samt ei forventningsavklaring.

Denne oppgåva er skriven ut i frå gruppesamling nr 3. Med andre ord, var gruppa på dette tidspunktet byrja å bli etablert og gruppedeltakarane var byrja å bli kjent med kvarandre. Det var seks av sju deltakarar som møtte til vegleiinga. Eg og min medstudent hadde på førehand avtalt at me skulle nytte kontaktsirkelen for gruppevegleiing som er utarbeida av VID (figur A). Etersom dette var 3. samlinga vår, og me var førespegla av lærarane våre at me skulle prøve å ha ein til to fokuspersonar kvar samling, hadde eg allereie ein person i tankane før samlinga starta.

Som nemnt over var zoom verktøyet me nytta for å kunne gjennomføre vegleiinga. Dette skapa ei ramme der augnekontakt, kroppsspråk og andre sansingar, me elles ville hatt om me møttest fysisk, var heilt eller delvis fråverande. Me kunne sjå kvarandre frå brystet og opp, og ved fleire tilfelle kunne eg observere at kamera vart skrudd av eller snudd vekk frå personen. Det var tilfelle der det kom andre menneske inn i skjermbilete, eller det kunne høyrast andre stemmer i bakgrunn i romma der deltakarane sat. Når det er sagt, var dette eit verktøy me no hadde nytta ved fleire høver, og me gjorde det beste ut av dei rammer me hadde.

Omgrep og teori

Awareness

Før refleksjonen og drøftinga av moglegheiter og begrensningar i vegleiinga, ønsker eg å avklare omgrepet awareness, som vert mykje brukt i den gestaltiske vegleiingstradisjonen. Det kan omtales som ei evne til å legge merke til dei signala kroppen og omverden gir, og bruke denne informasjonen til å bli tydeleg for seg sjølv og omverden (Braaten, 2009, s. 10). Hostrup (2009, s. 117 – 118) forklarar det som «en bred vifte af opmærksomhed på alle niveauer». Dei ulike nivåa som omtales her er:

- Indre sone: Kjensler og signal kroppen gir innanfor huda.
- Ytresone: Sansane våre, kroppslege bevegelsar og stemmer – det som er utanfor huda.
- Mellomsone: Det mentale arbeidet – tankar, moral, førestillingar, erfaringar som ein har i møter omgjevnadane.

(Hostrup, 2009, s. 122 – 123)

Kontaktformer

Det er ulike kontaktformer som kjem i spel for meg som vegleiar i møte med gruppa. Dei ulike kontaktformene vert omtala som korleis ein organiserer sin «væren-i-verden» på (Hostrup, 2009, s. 153). Dei ulike kontaktformene omtales av Hostrup (2009, s. 255 – 213) med utgangspunkt i F. Perls og P. Goodman sine fem kontaktformer; konfluens, introjeksjon, projeksjon, retrofleksjon og kontakt, supplert med E. og M. Polster si kontaktform, defleksjon.

Her er ei nærmare forklaring av dei kontaktformene som blir utforska nærmare i denne oppgåva:

Konfluens blir ofte beskrive med orda «å flyte saman». Dette er ei kontaktform som er med å skape ei kjensle av å høyre til. Eit døme (som også går igjen i verbatimet i denne oppgåva) er bruken av småord som for eksempel «mmm» og «ja». Skottun & Krüger (2017, s. 185) hevder at konfluens er avgjerande for å gi næring og utvikling til relasjonane med dei andre.

Dei knyt konfluens til evna til empati og ei ikkje-dømmende haldning. Polariteten til konfluens er å differensiere. Dette er ein måte å skape ein avstand for å unngå å flyte saman i den grad at ein mister seg sjølv (Skottun & Krüger, 2017, s. 187).


Defleksjon er når ein viker unna. Som for eksempel når ein leder oppmerksamheita vekk frå noko som er ubehageleg å stå i. Dette kan utfolde seg ved at ein ignorerer det den andre seier eller gjer, eller går frå å prate i eg-form til å prate i du/ein-form for å skape ei avstand til det som blir sagt. Dette kan i nokre tilfelle vera hensiktsmessig for å at organismen skal beskytte seg sjølv. Likevel er det slik at denne kontaktforma kan skape stor avstand til objektet eller personen organismen er i kontakt med. Motpolen til defleksjon vil då naturleg vera å halde fast ved noko. For eksempel ved å fokusere på eit fenomen eller ein figur. Dette kan i vera hensiktsmessig for å komme til «poenget», men kan også vera uhensiktsmessig om det stoppar ein prosess der det kunne vert til fordel å utforske fleire moglegheiter. (Skottun & Krüger, 2017, s. 260 – 262)

Introjeksjon er eit fenomen i dialogen der det som vert utveksla frå den eine til den andre i møtet vert godteke ukritisk, vert «smaka» på og gjort til sitt eige, eller vert forkasta utan vidare prosess. At budskapet blir teken i mot står i stor kontrast til det å gjera den til sin eigen, eller forkaste den. I barndommen var det hensiktsmessig å «svelge budskapet rått» for å oppnå progresjon i læring. Skottun & Krüger (2017, s. 205) nemner at det er av betydning at vegleiar (eg) er kjend med forholdet mellom normer og regler og korleis dette har påverka evna til å smake på, svelge rått eller forkaste budskapet i oppveksten, då dette har betydning for korleis vegleier møter vegsøker.

Baruch Levins Gruppemodell

Levin forklarar gruppeprosess med at «livet» til ei gruppe går over fleire fasar; Parallell-, inkluderings-, gjensidighets- og avslutningsfasen (Levine, 1979, s. 69) Hovudtrekket i desse fasane er at i starten er autoriteten stor og intimiteten låg. Ettersom gruppemedlemma blir kjent og tryggare på kvarandre vil vegleder kunne senke autoriteten og intimiteten vil bli høgare. På dette stadiet vil gruppemedlem vera i dialog utan å til ei kvar tid la dialogen gå gjennom vegleiar. Mot avslutningsfasen er gjerne intimiteten blitt for høg og autoriteten for


låg. Då vil det vera naudsynt at vegleiar tek tilbake noko av autoriteten for at gruppeprosessen framleis skal vera konstruktiv.



Figur A: Baruch Levin, 1979, s. 80

VIDs Gruppeprosess modell

I undervisninga ved VID vart denne modellen presentert og praktisert. Dette var min veg inn i arbeid med grupper og vart ein kjent og naturleg metode for mi organisering og praktisering av gruppevegleiing. Modellen viser at me i gruppevegleiing startar med ein inn-sjekk (for eksempel mindfulness øving) før vegleiar prøver å identifisere kva behov som rører seg i gruppa. Deretter vert det vald fokusperson(ar) eller tema som skal utforskast vidare. I neste runde er det naudsynt å avklar nokre behov og prioritere korleis organisere vidare arbeid i gruppa, før vegleiar kontaktar fokusperson eller temaet. Etter kvart er det naturleg å bringe inn gruppa igjen. Dette kan gjerast på ulike måtar. For eksempel kan det gjerast i samsvar med korleis fokusperson ønsker å bruke gruppa. Denne rundgangen kan gjerast fleire gongar før det går mot avslutning.



Figur B: VIDs gruppeveilednings modell, Canvas, 04.05.2022

Drøfting

Allereie i starten av gruppevegleiinga skjer det eit døme på at min awareness ikkje er særleg sterk.

1. VL1: «Og så vil eg sei velkommen til dykk alle saman. I dag ser de me er ein mindre, for VS7 har gitt meg ein lyd om at ho ikkje kan koma i dag. Så, då er det me som er her i dag. E ... og ... no er det jo ei stund sidan me har vert saman sist. E ... eg kjente i vertfall sjølv at e...no blei det spennande å sjå dykk igjen, og høyra kvar de var no i forhold til sist. Så eg tenkte me berre skulle opna med å ta ein her og no runde, der alle kan få sei litt korleis det er å vera dykk akkurat no...kvar er dykk i dykkar dag? Og då begynner eg oppe til...høgre i mitt vindauga, og då er det du VS1 som er der [smiler]»
2. VS1: «E ... ja ... nei ... e ... Eg har det nå eigentleg greitt. Jobbe mykje. Trøtt og sliten. Trudde eg skulle få jobba litt med skulen, men eg er så trøytt og sliten at eg orke ingen ting [smiler]. Så det er greitt å berre vera. Så eg har det no bra [smiler og nikker].»
3. VL1: «[nikker] [smattar] Ja.»

4. VS1: «Nervøsiteten for dei her møta har gidd seg kjenner eg, og det er godt.»
5. VL1: «Ja, det er veldig bra. Nei, å ja, VS6 ... hærlichkeit ... e ... eg hadde berre sett at alle var her og så var jo ikkje VS6 her ... er det mogleg? Då må me venta til VS6 kjem inn på òg»
6. [stille i 10 sek]

Når eg ser det i ettertid, er det tydeleg for meg at det var mange moglegheiter her, som eg gjerne kunne valt om eg var aware. Eg hugsar eg hadde lite fokus på mine awareness-soner. Eg var oppteken av alt det tekniske, og at eg skulle følgje ei «oppskrift» der eg skulle bruke VID sin gruppevegleiings-sirkel som støtte. Eg kan hugse at eg på innsida kjende meg stressa, kroppen var uroleg og pusten min var kort. Dette ser eg utspeler seg i møtet med VS1. Eg er ikkje var for henne. Ho fortel at ho er svært trøyyt og sliten og at nervøsiteten for møta er mindre. Og, eg svarer kort; «Ja, det er veldig bra», før eg busar ut med mi nye oppdaging av at eg har gløymt ein deltakar som nyleg logga seg på. Kva er «bra»? Eit ord som verkeleg ikkje seier noko som helst. Det er ei vurdering, som tvilsamt vil vera til noko nytte for vegsøker. Her fungerte mine ord som ein halvhjarta tilnærming i søken etter å følgje mi interesse – som i dette tilfellet var vekk frå samtalen. Om eg møtte situasjonen med awareness for meg sjølv og VS1 hadde eg hatt moglegheit til å invitere til ein oppmerksomt nærvær-øving i etterkant. Eg kunne også ha kommunisert til henne at eg ønsker å fortsette dialogen med henne, men at eg akkurat no gjorde ei oppdaging av at det var ein vegsøkar som mangla. Dette ville flytta dialogen frå «eg – det» til «eg – du», eller det «dialogiske forhold» som M. Buber kallar denne relasjonen (Hostrup, 2009, s. 45)

I punkt 14 og 15 i verbatimet er det tydeleg at eg sansar at eg ikkje møtte VS1 slik eg ville, og eg gjer eit forsøk på å ro tilbake og hente henne inn igjen. Dette forsøket blir kort og eg fortsett i same tempo, og inviterer henne lite inn. Eg får fantasiar om at VS1 trekk seg litt, men unngår å sjekke dette ut med henne. Kanskje fordi eg var feig, eller fordi eg ikkje ville ta meg tid til det. Eg var på denne tida i dialogen, godt innanfor definisjonen av kontaktorma «defleksjon». Det var ubehageleg i både mi indre- og mi mellom-sone, både med negative kjensler og tankar som byrja å svirre. Det er heilt tydeleg for meg i ettertid at eg ikkje brukte den informasjonen eg faktisk kunne sanse. Hadde eg møtt denne informasjonen med aksept og nysgjerrigheit kunne den bidratt til ny impuls inn i dialogen.

I mitt indre stress vart min autoritet i møte med gruppa høg. Det kjem tydeleg fram i verbatimlinje 65. Eg avbryt VL2 i hennar tid i «her og no»-runden for å be VS5 om å ta på kameraet. Autoriteten var rettmessig med bakgrunn i at deltakarane gjentekne gongar har fått formidla same beskjed ved dei førre møta, om at kameraet til ei kvar tid skal vera på. Gruppa var i parallellfasen (figur A) og i følgje Lewin (1979, s. 74) er det i parellfasen naudsynt for vegleiar å oppleve at deltakarane tek ansvar for å kunne redusere autoriteten og auke i kor stor grad gruppedeltakarane sin autonomi får plass. Likevel ser eg i ettertid at eg, på lik linje som eg tidlagre i møte med VS1, handla på impuls. Eg kunne ha venta til VL2 var ferdig å snakke, før eg gjorde ein intervensjon mot VS5. Eg kunne også valt ein meir varsam framgangsmåte, og igjen informert om forventningar til bruk av kamera.

I neste runde i VID's gruppeprosessmodellen inviterte eg deltakarane om å dele loggen dei på førehand vart oppmuntra til å ta med seg til vegleiiingstimen. Eg skjønna snart at det berre var ein av deltakarane som hadde gjort «leksa» si. Dei andre dikta opp og var for det meste oppteken av «der og da» og det narrativ dei hadde forma ikring det dei hadde erfart. Eg prøvde ved fleire høver å endre fokuset til «her og no», som er i tråd med gestaltisk praksis, utan hell. Eg hugsar spesielt då VS2 ville dele sin «logg» (verbatimlinje 131 – 145).

For det første er det tydeleg for meg i ettertid at min introjeksjon svekka min awareness, og førte til at eg ikkje stoppa «ordflaumen» til VS2. Eg konsentrerte meg veldig for å i det heile tatt skjønne kva VS2 fortalde, og hadde samstundes fleire tankar om at dette var uinteressant og uvesentleg. Eg jobba også med mine eigne introjekter i forhold til kva tid er det riktig å bryte inn. Eller, korleis skal eg bryte inn og samtidig gi henne ei kjensle av at eg er interessert? Når eg sat med desse tankane, var eg ikkje undrande og interessert til stades for VS2. Dette strider mot Værenskvalitetane; empati, kongruens og utelukkande positiv aksept, som i følgje McLeod (2019, s. 29 – 30) er av betydning for at vegleier skal evne å møte vegsøker med ei ikkje-dømande haldning. Likevel finn eg og mitt ego støtte i Perls og Wheeler (iflg. Skottun & Krüger, 2017, s. 205) som hevder at korleis budskapet blir mottat er påverka av innhaldet i og formidlinga av budskapet.

Eg fann til slutt støtte i parafrasering og det å setje ord på det eg ser (awareness på mi yttersone), og klarte å møte henne på hovudbudskapet i det ho fortalde. Der og då fekk eg tankar om at eg til slutt klarte å møte henne. Men, når eg ser og høyrer det i etterkant, ser eg ein vegleiar som prøver å finne ein veg ut, utan å gjere det som Bent Falk (2016, s. 26)

seier; «Når du som hjelper ikke vet hva du skal si eller gjøre, er det nettopp det du skal si eller gjøre.» Sjølv om eg i dette tilfelle sat igjen med ei kjensle av at VS2 var nøgd med måten eg møtte henne, er mi oppleving at eg hadde meir fokus på rammene, på same måte som i førre døme med VS1. Med rammene meiner eg ansvaret for å gi rom til alle i gruppa. Denne måten å tenke om gruppeprosessen på samsvarer med Levins gruppemodell (figur A). Gruppa vår var på dette punktet i parallellfasen. Det meste av dialogen gjekk gjennom meg som vegleiar, for å skape trygge rammer for vidare arbeid. Likevel er gruppa i bevegelse mot neste fase. For i verbatimlinje 147 – 162 når VS3 fortel om sitt tema, utfordrar VS6 autoriteten ved å bryte inn (verbatimlinje 159). Det vert ikkje gitt respons på det VS6 brytt inn med, men hennar frimodigheit vert registrert og prosessert hjå meg. Eg vart først overraska, men sette pris på hennar frimodigheit og energi, og ønskte meir av dette i fortsetjinga. Her kom gruppa i ein liten, men likevel nemneverdig, autoritetskrise. Levin (1979, s. 77) omtalar det som ein av dei tre krisene i gruppeprosessen. Tida var gjerne inne for å senke autoriteten og heve intimiteten.

Etter dei to første rundane der me hadde hatt «her og no»- og «logg»-runde, vendte eg meg til med-vegleiar for å finne støtte i vegen vidare.

203. VL2: «æ ... ja, eg kjenner på den trøyttheita eg også. E ... e ... og eg kjenner det er så kjennbart det de deler. Både om arbeidsmiljø, ukultur, e ... og så var det litt deilig med deg VS2, at du hadde fått e ... ein boost, og så hadde du fått noko som var godt. Men e...eg sit også og kjenner på den trøttheita, e...de står i noko veldig krevjande. Em...og så vart eg veldig nysgjerrig på VS4. E ... og så blei eg veldig glad for at du brukte logg. At du hadde skrevet logg. Det kjente eg gjord meg veldig glad. Mmm ... så det blei eg litt nysgjerrig på.»

204. VL1: «Ja. Og den nysgjerrigheita deler eg litt eigentleg med deg VL2. E ... samtidig som eg kjenner litt på at e ... me og skulle ha vore og pirka litt i irritasjonen. Men, så ... kj ... merkar eg at min interesse for deg VS4, måten du har skrive loggar, du har skive loggar fleire gongar, og det gjer at du blir veldig tydeleg for meg om kva me kan gå vidare med i vegleiiing. Så eg ønsker å begynne med deg i dag. Viss det er greitt for deg?»

205. VS4: «Ja.»

206. VL1: «Ja, og så tenker eg at viss me får tid til det, så har eg lyst og så pirke litt borti denne andre sliteheita som ligger her, for den er veldig tydeleg for meg i dag. Men, me begynner med deg VS4.

Her set eg og med-veglear ord på figurdanning i gruppa, og tek val for vegen vidare. Skottun & Krüger (2017, s. 94) omtaler figurdanning, at noko kjem i fokus og noko anna kjem i bakgrunn, som ei kreativ tilpassing. Kreativ tilpassing er for meg eit positivt lada ord, men eg kjende på ingen måte på noko kreativitet eller positivet der og då. På innsida kjende eg på eit sterkt behov for å kome meg vekk frå figuren. Eg kjende den tappa meg. Samstundes kjende eg på ein lojalitet til gruppa om å ta deira kjensler og tema på alvor. For, som Bårdsen (2006, s. 4) nemner, må veglear vera villig til å bli bevega av den andre. Her var det nyttig for meg å kunne støtte meg på ein med-veglear.

Eg ser ein klar forskjell i korleis eg møter heile gruppa, kontra korleis eg er i møte med VS4. (Sjå verbatim linje 208 – 242) Her møter eg vegsøker med ei ikkje-dømande haldning, og gir henne rom og tid. Eg praktiserer mikroferdigheiter med gjentakning, spegling og parafrasering. Eg møter ho med mykje konfluens.

Ettersom det oppstår mykje konfluens, var det fleire tilfelle der eg bevisst difransierte ved å ikkje le når ho lo samstundes som ho fortel vanskelege ting. Eller, som alle dei gongane eg byt ut «me» med «eg»; «eg ser at...» eller «eg høyrer at». Dette er i tråd med nokre av Skottun & Krüger (2017, s. 198 – 199) sine forslag til bruk av konfluens for å auke vegsøkars oppmerksamheit. I denne delen av vegleiinga var eg var for kva kontaktformer som var i spel, og me var i kontakt store delar av dialogen. At eg er aware er med på å skape eit handlingsrom som eg grip.

I Verbatimlinje 245 – 263 samsvarar ikkje kroppsspråket til VS4 med det såre som eigentleg vert verbalisert. For å skjerpe figur både for meg, for henne og for resten av gruppa, inviterte eg VS4 til å kontakte kroppen. Her brukte eg motet mitt og konfronterte henne med det eg såg og høyrde. Her er ho i kontaktforma defleksjon, og eg vel å møte hennar defleksjon med polariteten, og held fast. Dette gjer eg fleire gongar. Til dømes i verbatimlinje 271 – 302. Her møter eg hennar defleksjon, som utfoldar seg med å snakke om «en» og «du», med konforntasjon og held fast i den figuren. Eg inviterer VS4 med på eit eksperiment, der ho gjentek det eg seier. Eg parafraserer det ho seier og byter frå tredjeperson, til første person.

Når eg var i kontakt med VS4 opplevde eg å bli bevega av det VS4 deler med meg. Dette gav meg energi som eg tok med meg til å bruke gruppa som ressurs. Då me skulle vende oss til gruppa, la eg ansvaret hjå fokuspersion. Ho fekk høve til å påverke korleis me skulle bruke gruppa, og «bestillinga» vart ein heiagjeng. Eg gav ordet fritt og hadde liten grad av autoritet i det gruppedeltakarane styre dialogen, med liten inngripen frå meg. Her bevega gruppa seg frå inkluderingsfasen og over i gjensidighetsfasen (Figur A). I etterkant av dette vender eg meg til VS4:

358. VL1: «Fint VS2. Er det fleir som vil dele noko? # (6sek) Då går me, vil eg litt tilbake til deg eg VS4. for no når du har høyrte på dette. Bestillinga var ein heiagjeng. [smiler]»
359. VS4: «[smiler] Ja, dei leverte.»
360. VL1: «Dei leverte, ja. [VS4 ler] For det er nemleg berre du som kan bestemma korleis dette blei for deg.»
361. VS4: «Ja, det var kjempe fint. Mmm ...»
362. VL1: «Ja [roleg stemme]»
363. VS4: «Det var den boosten eg trengte ... [smiler] kjente eg. [ler]»
364. VL1: «Kva sitter du igjen med?»
365. VS4: «Nei, eg sitter igjen med det at eg synes det var godt å formidle det eg har følt og kjent på og ... fortelje litt av min historie og ... korleis eg har opplevd ting, sant. Og ... det å jobbe med psykisk helse kan styrke deg og ... j, altså jobbe med deg sjølv som menneske på mange områder, sant, det gjer til at du blir sterkare mentalt som person og, sant, at e...prøve og ikkje sjå så ned på deg sjølv, men bygge deg opp. [smiler og ler litt] Så eg føler jo at dette her har hjelpt meg mykje, for å sei det sånn. [VL1 prøver å sei noko, utan hell] Så eg håper jo at det eg har lært at eg kan formidle det vidare til andre igjen, sant, at eg bygger vidare på det eg har lært [ler og smiler]
366. VL1: «Ja. [roleg og alvorleg] Og så blir eg litt opptatt av akkurat bestillinga din. [smiler] For du bestilte ein heiagjeng. Og det synes eg var så, eg synes det var veldig fint [VS4 ler og smiler] Og veldig konkret. E ... du var veldig tydeleg på kva du trengte. Og så tenker eg ... [lukker augo, ser deretter opp og så på gruppa] For då begynte eg å tenke litt sånn; Har du ein heiagjeng i livet ditt?»

367. VS4: «Det er vel kanskje det eg manglar litt, for det at e ... det tenkte eg når eg var i arbeidslivet og der eg slutta, det var lite anerkjenning å få, følte eg på. [VL1: «Ja»] Lite, lite det å bli sett, sant, og ... som VS3 sa i stad; få eit klapp på skuldra, eg ser deg og du har gjort noko bra, sant. Det forsvann. [ler] For å sei det sånn. Følte eg.»
368. VL1: «Og så, og så e ... og det får meg til å tenke på at no var du veldig tydeleg, og så kunne me gi det, fordi me [VS4: «Ja»] visste kva du trengte, fordi du sa det og var tydeleg på det. Er det noko du kan ta med deg vidare der som du er no?»
369. VS4: «Ja, absolutt. Og nokon vil jo ikkje tru det verste, men ... som du seier; vera tydeleg, så får du eit tydeleg svar tilbake.
370. VL1: «Og viss du er tydeleg på dine behov, då kan dei møta deg på dei»

Når eg les dette får eg fantasiar om at nokre av vala eg tok, vart til nytte for VS4. I denne delen brukte eg veksøkar si «bestilling» og hennar oppleving av det gruppa bidrog med til å halde fast ved kva betydning «bestillinga hennar hadde for den støtte ho kunne få frå gruppa. I verbatim linje 575 ser me at VS4 er mykje i tankane sine kring budskapet i det gruppa bidrog med. I verbatim linje 576 vender eg oppmerksamheita tilbake til «bestillinga» på ein varsam og nysgjerrig måte. Her bruker eg polariteten til kontaktforma delfeksjon igjen, og held fast ved det eg opplev som ein figur.

Mot slutten av gruppevegleinga er gruppa i ei intimitetskrise (figur A). Det som skjer speler seg ut i verbatimlinje 432 – 448. Her seier eg me skal gå mot ei avslutning, men først skal VS1 få siste ordet. Det VS1 deler vekker noko i VS5, og ho tek ordet og spør om å få sei noko, men tek seg ikkje tid til å få eit svar. I tillegg snur ho, med innhaldet i det ho deler, fokuset vekk frå det VS1 bringer på bane, og får det til å handle om seg sjølv. Eigentleg minner heile hendinga mykje om ei konflikt. Eg handlar ikkje med det same, då eg tek meg tid til å legge merke til kva som speler seg ut imellom dei to gruppedeltakarane. I verbatimlinje 442 handlar eg. Eg avbryt VS5 og tek då tilbake autoriteten. Dette er i tråd med Levins gruppemodell (figur A) som viser at når autoriteten vert for låg, er det naudsynt å heve den igjen for å ivareta den gode gruppeprosessen heilt til avslutninga.

Avslutning

Når eg no går mot «landing» av denne oppgåva vil eg avslutte slik eg ville gjort saman med ein vegsøkar. Eg stiller meg sjølv spørsmåla «Kva tek du med deg?» og «Er det noko du kan legge igjen? I tilfelle, kva?»

Eg tek med meg ny innsikt i mine styrker og utviklingspotensial som vegleiar. Eg har lært at min evne til å praktisere awareness vil få mykje å sei for korleis eg forstår andre og blir forstått i møte med vegsøker, gruppa og elles mine omgjevnadar. I tillegg, gjennom konfrontasjon med mine eigne kontaktforstyrningar, har eg lært at dei ulike måtane me kontaktar kvarandre på har stor betydning for kvaliteten på kontakten me klarar å oppnå. Ved å vera aware på kontaktformer og awarenessoner hjå meg sjølv, vil eg kunne akseptere det som er, og justere min væren i forhold til dette. Dette vil heve min personlege kompetanse, som er av betydning for min utøving som vegleiar.

Eg legg frå meg det veldig sjølvkritiske blikket, og skifter det ut med nysgjerrigheit på meg sjølv og det potensiale som er i meg som vegleiar. I mi rolle som vegleiar for desse studentane møtte eg mine begrensningar, mine fordommar og korleis eg handla ut i frå om eg var trygg eller redd, om eg var interessert eller kjeda meg. For meg handlar det no om å verte trygg og kunne kvile i metoden. Det er ikkje noko eg skal få til. Eg treng ikkje vera flink pike. Eg skal simpeltemt, men paradoksalt nok, berre vera i møte med den andre - med heile meg. Når eg er rolegare vil eg påstå at også mi nysgjerrigheit og awaerness vil få større plass i min rolle som vegleiar. Øving gjer meister? Eg blir aldri ferdig utlært, men har som intensjon å sjå kor mykje eg kan vekse i mi reise som vegleiar.

Litteraturliste

Braathen, E. (2009). *Helt gresk – om vitenskapsteori og awareness*. Norsk Gestalttidsskrift, 6 (2), s. 9 – 25

Falk, B. (2016). *Å være der du er: Oppmerksomhet, grenser og kontakt i den hjelpende samtalen* (2. utg.). Fagbokforlaget

Hostrup, H. (2009). *Gestaltterapi: Indføring i gestaltterapiens grundbegreper* (2. utg.). Hans Reizels forlag.

Levine, B. (1979). *Group psychotherapy*. Prentice-Hall

McLeod, K. (2019) *An introduction to counselling*. Open University Press.

Undervisning, Bergen. (2022, 29.03.). VIDs gruppeprossesmodell.

Skottun, G. & Krüger, Å. (2017). *Gestalt-terapi – Lærebok i teori og praksis*. Gyldendal Akademisk

Vedlegg 1: Verbatim

1. VL1: «Og så vil eg sei velkommen til dykk alle saman. I dag ser de me er ein mindre, for VS7 har gitt meg ein lyd om at ho ikkje kan koma i dag. Så, då er det me som er her i dag. E...og...no er det jo ei stund sidan me har vert saman sist. E...eg kjente i vertfall sjølv at e...no blei det spennande å sjå dykk igjen, og høyra kvar de var no i forhold til sist. Så eg tenkte me berre skulle opna med å ta ein her og no runde, der alle kan få sei litt korleis det er å vera dykk akkurat no...kvar er dykk i dykkar dag? Og då begynner eg oppe til...høgre i mitt vindauga, og då er det du VS1 som er der [smiler]»
2. VS1: «E...ja...nei...e...Eg har det nå eigentleg greitt. Jobbe mykje. Trøtt og sliten. Trudde eg skulle få jobba litt med skulen, men eg er så trøytt og sliten at eg orke ingen ting [smiler]. Så det er greitt å berre vera. Så eg har det no bra [smiler og nikker].
3. VL1: «[nikker] [smattar] Ja.»
4. VS1: «Nervøsiteten for dei her møta har gidd seg kjenner eg, og det er godt.»
5. VL1: «Ja, det er veldig bra. Nei, å ja, VS6...hærlighet...e...eg hadde berre sett at alle var her og så var jo ikkje VS6 her ... er det mogleg? Då må me venta til VS6 kjem inn på òg»
6. [stille i 10 sek]
7. VS3: «Skal me sende ei melding kanskje, kan hende ho har gløymt det?»
8. VL1: «Nei, ho er nett komen innpå her. Ho berre...»
9. VS3: «Å ja...»
10. VL1: «Det var eg som begynte her før ho var komen seg innpå [ler] [stille] Hei, VS6, høyrer du meg? [smiler]»
11. VS6: [beveger munnen men lyden er skrudd av, vinkar deretter med handa]
12. VL1: «Du vinka.»
13. VS6: «mmm...»
14. VL1: «Det e bra. Me begynner...me har berre begynt...eg har sagt velkommen, og så vil eg berre begynna med ein sånn her og no runde, der de fortel litt kvar de er i

dykkar dag. Så då...e...har VS1 fortalt litt korleis ho hadde det. Og ho er litt sliten, hørte eg, og så hørte eg at du er mindre nervøs, og at du har egentleg mykje du skulle ha gjort, men du orkar egentleg ikkje nett no...e...var det godt oppsummert VS1? Har eg forstått deg rett? [smiler]»

15. VS1: [nikker]

16. VL1: «E...ja...[smiler og ler kort] E...og neste i biletet for meg er då VS2. [stille] men ho ser eg er ute og går litt, kanskje det er betre at eg tek nokon andre?»

17. VS2: [tommel opp]

18. VL1: «ja...e...eg tek VS4 eg då. Korleis er det med deg?»

19. VS4: «Ja, hei. [ler] Jo, eg føler det går veldig bra. Altså...eg var jo litt sånn stressa forrige gong eg snakka med deg om praksis og sånt då, men...e...eg føler eg har landa litt meir no. [ler]

20. VL1: «åh»

21. VS4: «mmm»

22. VL1: «[smiler] Bra.»

23. VS4: «mmm...ja...mmm [ler] så no føler eg det går litt meir i ruta [ler]. Mmm...»

24. VL1: «Bra. Det er jo veldig godt å høyra»

25. VS4: «Ja [snakkar på innpust]»

26. VL1: «Ja, mmm. VS3, korleis er det med deg?»

27. VS3: «[ser på skrått oppover] æ...no er det bra. [smiler]

28. VL1: «No er det bra. Kva meine du med det?»

29. VS3: «Det har vert mykje frustrasjon før i dag.

30. VL1: «Okei [pustar ut]»

31. VS3: «Ja. Du skal få høyre meir om det seinare»

32. [alle ler]

33. VL1: «spennande, da...e... gleda eg med til å høyra om. Eg er i alle fall veldig spent. [trekk pusten i latteren] Ja. Då VS5, er du klar til å fortelja litt om deg?»

34. VS5: «Hei [smiler]»

35. VL1: «Hei»

36. VS5: «Hallo, VS5 ligger godt an. Eg har også fint. Em...sjølv om eg stod på krevjande situasjon fordi nesten har bemanning på arbeidsplassen har korona, og...e...m...framleis eg ikkje får den smitte...så e...så eg står på kvar dag, men...e...eg

har e så fint på grunn av me har sånt tiltak som fungerer til alle, som på ein måte at me aksepterer vere i den triste samfunnet, så e...så me har sånn...e...rullering på ein måte, så du har det så fint sjølv om du står på krevjande situasjon.»

37. VL1: «Ja.»

38. VS5: «Så...akkurat no eg er..senkt bak...og...heilt okey...også...eg e her og lage mat til ongene mine...så...og eg, no eg er saman med dykk. [smiler]»

39. VL1: «Så fint. Godt VS5. Og då er det Margrethe [ingen i gruppa heiter det] som er den neste i mitt vindauga. [stille]»

40. VS6: [beveg mykje på skjermen og forsvinn ut av biletet]

41. VL1: «No forsvann kameraet ditt litt opp i taket, VS6. E du her?»

42. VS6: «Kva er det du seier?»

43. VL1: «Heh ... høre du meg ikkje så godt?»

44. VS6: «Jo.»

45. VL1: «Jo, eg, eg, eg spurte deg korleis er det for deg i din dag? Korleis har du det akkurat no?»

46. VS6: «Eg er forferdeleg trøytt...for eg har vore på nattevakt...og eg har problem med å sove av og til...og det er...og det er på denne tida eg kan sove [ler og smiler].

47. VL1: «[smiler] Ja, då skjønner eg at e du er trøytt akkurat no.»

48. VS6: «Eg er litt lite opplagde»

49. VL1: «Ja... [alvorleg] Ja. Det skjønner eg...og fint at e du deler det med oss...så veit me kvar du er nett no. Ja. # Korleis er det med VS5 i dag?»

50. VS5: «[Ligg bakover i ein sofa og me ser berre hovudet hennar. Kremtar] Jo, det e ... det er mange jern i elden. Mykje jobbing. Utruleg sliten og lei av spesielt været...det er så på og av med dårleg vær.»

51. VL1: «Ja ... ja.»

52. VS5: «Og det eg kjenner på litt ... e ... spesielt når eg skal på jobb i heimesjukepleia ... køyre ... og inn og ut av bilen i surt og kaldt, og ... inn i varme hus, ut igjen i kulden, og inn i bilen ... ja ... det er ... har slite litt no [kremtar] ... så ... e, ja ... også er det jo ... praksisen som ikkje går helt sånn som...me hadde trudd. Me får ikkje alltid den tida me trudde me var forespeila å få. Eg føler ikkje me blir tatt alvorleg nok på jobb. Det er liksom ikkje ... eh ... det, det er nesten litt fælt å sei det, men eg føler ikkje som me er ikkje viktig nok.

53. VL1: «Ja.»

54. VS5: «Mmm ... mens andre igjen ... e ... med høgskule ... eller ... eg føler at e dei kommer betre ut, viss eg kan sei det sånn då ...utan å virke «klagete» ... så ... ja. Så ...»

55. VL1: «Så det eg høyrer [avbryter VS5] det eg høyrer er at du er...litt stressa, og er litt frustrert?»

56. VS5: «E ... ja. Frustrert over jobben. Eg har ... e ... håper det dukkar opp ein anna moglegheit med jobb, for eg kjenner det at eg ... e ... det er ikkje helt greitt at ikkje du skal føle at du kan gå på jobb og få glede i at e du prøver å utdanne deg vidare, og føler at det er bra det du gjer ... så ... du mister litt motet altså.»

57. VL1: «Ja.»

58. VS5: «Det er meg å ei anna som går på same jobb som er på den som ... mmm ...»

59. VL1: «mmm ... takk for du dele VS5.»

60. VS5: «Ja.»

61. VL1: «[Klør seg over auga] Og VL2, kvar er du i din dag?

62. VL2: «[kremtar] Høyrer de?»

63. VL1: «Ja.»

64. VL2: «Ja, så bra. Min dag den har vore»

65. VL1: «[Avbryter VL2] E ... vent litt ... unnskyld! VS5 eg ser du skur av kameraet ditt ...» [skur på igjen kameraet] «...og då må eg be deg om å ha det på, beklagar [nervøs latter] ja, berre fortsett VL2.»

66. VL2: «Ja, dagen min den har vore full, med ganske mange oppdrag ... eh ... e ... så eg kjente at e når eg kom heim så var, det var litt godt å gå seg ein tur ... e ... før eg skulle komme her. Så no kjenner eg at eg har fått lufta tankane og er klar for vegleiiing ... og eg kjente litt det som du, VL1 snakka om; at no var det lenge sidan, og korleis blir denne kvelden. Men, samtidig har eg hatt den godfølelse ... e ... dei gongane me har vore i lag ... og så tenkte jo du på ... så fantastisk og kor fort det går å danne ei gruppe. Ja. Så det er ... det har liksom varma meg veldig ... mmm ... ja her er eg. [Smiler]»

67. VL1: «[Smiler] så fint. Og her er eg. Og eg ... e ... har korona i heimen, og ... kjente at eg måtte mobilisera litt for å...for å møte dykk i dag og ... vera tilstades her. Men no

er eg her, og eg er tilstades, og eg kjenner at det er godt å sjå dykk igjen. Og akkurat det som du seie VL2, kor fort der er å bli ei gruppe. Det er fasinerande.

68. VL2: «Mmm.»

69. VL1: «Ja. Og så veit eg at de fekk ein mail av meg ... e ... med beskjed om at me måtte ... e ... skriva på dette her skjemaet ein gong til. Veit ikkje om de andre hadde gjort det ein gong før ... e ... dette som hadde med forskings ... e ... prosjektet å gjera. Den avtalen. Hadde de signert den tidlegare?»

70. # (4 sek)

71. VS3: «Eh ... det veit ikkje eg.»

72. VL1: «Nei. Men ... e ... gjorde de det no når de fekk ny mail kanskje?»

73. VS1: «Kva ... no er ikkje eg heilt med på kva du ...»

74. VL1: «Eg sendte ein mail til dykk for ca. ei veka sidan ... e ... der eg bad dykk om å gå inn å signera ein sånn avtale som skulle signerast ... e ... i forhold til at me er med på eit forskingsprosjekt ... e ... å eg sendte ut den linken i mail til dykk før første vegleiing ... e ... men så er det skjedd noko når me har svart på den. Eg veit at eg og VL2 har svart på den før, men så fekk eg melding frå læraren vår om at vår gruppa manga å skriva desse ... e ... godkjenningane. Så, derfor sendte eg ein link til dykk på ein mail ... e ... for å etterspør om de kunne gå inn og skriva på den avtalen.

75. VS5: «Eg sendte den no [smiler].»

